



Prop. 94 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Auka låneramme i Husbanken

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 8. april 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken i 2011.

2 Bakgrunn

Husbanken skal supplere kredittmarknaden og gje lån til føremål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ynskjelege. Innanfor låneramma fastsett av Stortinget gjev Husbanken lån til barnehagar, startlån til unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden, og grunnlån til oppføring av nye eller utbetring av eksisterande bustader. Bustader som får grunnlån må ha miljøkvalitetar og/eller vere universelt utforma, vere til sosiale føremål eller sikre bustadbygging i distrikta.

Låna i Husbanken er difor viktige for å sikre ei god bustadfordeling i heile landet og for å fremje kvalitetar som miljø og universell utforming, og for å hjelpe ungdom inn på bustadmarknaden.

Låneramma i Husbanken er på 15 mrd. kr i 2011. Dette er same nivå som i 2010. På bakgrunn av den høge etterspurnaden etter lån frå Husbanken i 2009 og 2010 bad fleirtalet i kommunal- og forvaltingskomiteen regjeringa følgje situasjonen nøye og kome tilbake til Stortinget med ei vurdering av trongen for auka låneramme i sam-

band med revidert nasjonalbudsjett for 2011, jf. Innst. 16 S (2010-2011).

3 Låneverksemda i Husbanken i 2011

Låneramma i Husbanken består av grunnlån til utbetring, grunnlån til oppføring, grunnlån til kjøp, startlån og lån til barnehagar.

Grunnlånet skal bidra til å fremje viktige bustadkvalitetar som universell utforming og energisparing i nye og eksisterande bustader. Per 1.3.2011 er om lag 7 mrd. kr belasta låneramma til grunnlån. Dette har mellom anna samanheng med at etterspørsla etter grunnlån i 2010 oversteig tilgjengeleg ramme. Låneramma for 2011 er så langt belasta med 3,9 mrd. kr knytt til saker på vent frå 2010. Talet på innkomne saker har auka monaleg mot slutten av 2010. Dette heng mellom anna saman med varsla innføring av strengare kvalitetskrav for å kunne få grunnlån, som etter planen skal tre i kraft frå 1.7.2011. Dette førte til at fleire søkte før årsskiftet for å kunne bli vurdert i forhold til eksisterande krav.

Startlån skal hjelpe dei som slit med å få lån til å etablere seg i eigen bustad. Startlån er prioritert innanfor låneramma, og det er venta at Husbankens strategiske kommunesatsing vil auke etterspørsla etter startlån. Per. 1.3.2011 er om lag 4,8 mrd. kr til startlån belasta låneramma.

Lån til barnehagar blir gjeve til bygging av nye barnehageplassar som er privat åtte. Per 1.3.2011 er om lag 0,4 mrd. kr belasta låneramma til barnehagelån.

Samla sett er lån på om lag 12,2 mrd. kr belasta låneramma til Husbanken per 1.3.2011.

Det er ikkje særskilde forhold i kredittmarknaden som tilseier ein auke av låneramma til Husbanken, men i all hovudsak ein auka etterspurnad etter lån frå Husbanken. For å leggje til rette for framleis høg låneverksemd i 2011 blir det gjort framlegg om å auke låneramma med 5 mrd. kr i 2011, frå 15 mrd. kr til 20 mrd. kr.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det blir gjort framlegg om at låneramma i Husbanken blir auka med 5 mrd. kr i 2011, frå 15 mrd. kr til 20 mrd. kr, jf. framlegg til romartalsvedtak. Det er ikkje venta endringar i tap på utlån som følgje av auka låneramme. Det er på bakgrunn av framlegget om auka låneramme i 2011, rekneskapstal for 2010 og nye renteføresetnader trong for å endre løyvingane på følgjande kapittel og postar i 2011:

Kap. 2412 Husbanken

Post 90 Lån frå Husbanken, overslagsløyving

Ikkje alle tilsegn om husbanklån blir utbetalte same år som dei blir gjevne. I budsjetteringa av utbetaling av husbanklån blir det lagt til grunn ein utbetalingsprofil som går over fire år. I saldert budsjett 2011 er det lagt til grunn at 45 pst. av låna som får tilsegn i 2011 blir utbetalte i 2011, 23 pst. året etter, 13 pst. det tredje året og 4 pst. det fjerde året. I tillegg blir det lagt til grunn at 15 pst. av låna aldri blir utbetalte. Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 14 117,6 mill. kr.

Ei auka låneramme vil først kunne bli disponert etter at Stortinget har fatta eit vedtak. Innanfor den auka låneramma blir det lagt til grunn at færre tilsegn vil bli utbetalte i 2011 enn normal utbetalingsprofil skulle tilseie. For auken på 5 mrd. kr er det lagt til grunn at 22 pst. av tilsegna blir utbetalte i 2011 og 46 pst. i 2012. Den største budsjetteffekten kjem difor i 2012. Føresetnadene for utbetaling tredje og fjerde år og fråfall er dei same som for låneramma i saldert budsjett 2011.

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 14 117,6 mill. kr. Det er berekna at det er trong for å auke løyvinga på posten med 1 102 mill. kr i 2011 på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr i 2011. I tillegg gjer rekneskapen for 2010 og lågare renteføresetnader det naudsynt å redusere løyvinga med 32,6 mill. kr. I sum er auken berekna til 1 069,4 mill. kr.

Kap. 5312 Husbanken

Post 90 Avdrag

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 9 225,2 mill. kr. Det er berekna at innbetaling av avdrag vil auke med 8 mill. kr på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr i 2011. I tillegg gjer rekneskapen for 2010 det naudsynt å auke løyvinga med 677,8 mill. kr i 2011. I sum er auken berekna til 685,8 mill. kr.

Kap. 5615 Husbanken

Post 80 Renter

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 4 163,4 mill. kr. Det er berekna at renteinntektene vil auke med om lag 16 mill. kr på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr i 2011. Vidare er nye renteføresetnader lågare enn dei som blei lagt til grunn i saldert budsjett 2011. Dette gjer det isolert sett naudsynt å redusere løyvinga på posten med 264,4 mill. kr. I sum er reduksjonen berekna til 248,4 mill. kr.

5 Framlegg om endringar

Regjeringa gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken med 5 mrd. kr i 2011, frå 15 mrd. kr til 20 mrd. kr, jf. framlegg om endra løyvingar og framlegg til romartalsvedtak.

På bakgrunn av framlegget om å auke låneramma, gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga for 2011 på kap. 2412, post 90 Lån frå Husbanken med 1 069,4 mill. kr til 15 187,0 mill. kr og på kap. 5312, post 90 Avdrag med 685,8 mill. kr til 9 911,0 mill. kr. Regjeringa gjer òg framlegg om å redusere løyvinga på kap. 5615, post 80 Renter med 248,4 mill. kr til 3 915,0 mill. kr.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
auka låneramme i Husbanken.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om auka låneramme i Husbanken i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om auka låneramme i Husbanken

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2412		Husbanken	
	90	Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 14 117 600 000 til kr 15 187 000 000	1 069 400 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
5312		Husbanken	
	90	Avdrag, blir auka med frå kr 9 225 200 000 til kr 9 911 000 000	685 800 000
5615		Husbanken	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 4 163 400 000 til kr 3 915 000 000	248 400 000

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gjevne løyvingar

II

Stortinget samtykkjer i at Husbanken i 2011 kan gje tilsegn om lån for 20 mrd. kr. Låna vil bli utbetalt i 2011 og seinare år.

=====